




MUSEA I SOGN
OG FJORDANE

Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2025-2029



Gal og genial?

Ei utstilling om biletkunstnaren Hans Gjesme si tid
ved Gaustad sjukehus 1955-1971
Sogn Kunstsenter 2024-2025





MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Musea i Sogn og Fjordane

Gota 16, 6823 Sandane

telefon: (+47) 99 09 47 77

post@misf.no

Musea i Sogn og Fjordane:

Astruptunet

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Eikaasgalleriet

Holvikejekta

Kvernsteinsparken

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Nordfjord Folkemuseum

Norsk Reiselivsmuseum

Sogn fjordmuseum

Sogn kunstsenter

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sunnfjord Museum

Vågsberget

Innhald

1. Bakgrunn	4
1.1 Mål for forskingsplanen	4
1.2 Vurdering av føregående plan og utgangspunkt for revisjonen	5
2. Status og utgangspunkt for forskning ved MiSF 2025	5
2.1 Forskinga i MiSF	6
3. Tre hovudmål og tiltak for planperioden:	7
3.1 Auke den formelle forskarkompetansen ved MiSF	7
3.1.1 Evaluering av måloppnåing	7
3.1.2 Mål og tiltak i planperioden:	7
3.2 Stimulere til auka forskingsaktivitet, innanfor og på tvers av arenaer og avdelingar	7
3.2.1 Evaluering av måloppnåing	7
3.2.2 Mål og tiltak	8
3.3 MiSF skal til ein kvar tid ha tilsette som deltek i eksterne forskningssamarbeid/-prosjekt ..	8
3.3.1 Evaluering av måloppnåing	8
3.3.2 Mål og tiltak	8
4. Tematiske satsingsområde og utarbeiding av ein felles forskningstradisjon ved MiSF	8
4.1 Tematiske satsingsområde	9
4.1.1 Mangfald og representasjon	9
4.1.2 Kyst- og fjordkultur	9
4.1.3 Menneske og naturen	10
4.2 Ein felles forskningstradisjon ved MiSF	11
5. Infrastruktur for forskninga ved MiSF	11
5.1 Forskingsformidling	11
5.2 Forskingsetiske retningslinjer for MiSF	12
5.2.1 Forskingsetiske retningslinjer	12



1. Bakgrunn

Forsking er ein del av musea si kjerneverksemd, nedfelt som ein av dei fire F'ane for «framtidens museum» (St.meld. nr. 49 (2008-2009)), og stadfesta som ei vesentleg oppgåve for musea gjennom målet om «solid kunnskapsproduksjon» i museumsmeldinga «Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid» (Meld. St. 23 (2020-21)).

Forskningsplanen for Musea i Sogn og Fjordane for perioden 2025-2029 vil bygge vidare på satsingsområda formulerte i Forskningsplanen for perioden 2022-2024, med reviderte mål og tiltak. I førre planperiode vart det formulert tre faglege satsingsområde som skal vidareførast i komande planperiode, med mindre endringar som følgje av erfaringar frå føregåande planperiode.

I *Strategiplan 2023-2026* for Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) er forsking løfta fram som ei av dei sentrale oppgåvene for museet, under strategi 1 «Vi forskar på og formidlar kunst og kulturarv i vår region»: «Det skal vere avklart for oss sjølv og innbyggjarane kva vi legg vekt på i vår forsking og formidling. Rammene våre er kunst og materiell og immateriell kulturarv i Sogn og Fjordane. Berekrafts- og mangfaldsperspektivet skal ivareta relevans og representasjon i forskinga og formidlinga» (s. 15). Ein tydeleg og konkret forskingsplan er vesentleg for å kunne vidareføre arbeidet som MiSF starta på i førre planperiode, og får å nå målet i strategiplanen.

1.1 Mål for forskingsplanen

Det er ei målsetting at forskingsplanen skal vera eit anvendeleg styringsverktøy for det langsiktige forskingsarbeidet ved MiSF, og for utforming av årlege handlingsplanar. Forskningsplanen må vera egna til å innrette forskinga på måtar som synleggjer museet som kunnskapsinstitusjon eksternt. Resultata av forskinga skal som hovudregel presenterast i vitenskaplege publikasjonar, og tiltak i planen skal sørge for å legge til rette for dette. Som museumsinstitusjon har vi eit særleg ansvar og gode føresetnader for forskingsformidling, mellom anna gjennom utstillingsarbeid, populærvitenskaplege foredrag og artiklar, digital formidling m.m.

Forskningsplanen skal vidare identifisere tiltak som er føremålstenlege for å oppnå positiv utvikling på dei områda som musea vert vurdert på av styresmaktene. Forskningsplanen har i denne planperioden som hovudmål å leggje til rette for forskingsaktivitet og å heve forskingskompetansen ved MiSF. Deretter er det eit overordna mål at forskinga ved MiSF på sikt skal kome på høgde med forsking i universitets-, høgskule- og instituttsektoren.

Forskningsplanen skal reflektere organisasjonsstrukturen ved Musea i Sogn og Fjordane, der kunnskap vert utvikla og nyttegjort på tvers av museumseiningane. Forskningsplanen skal utvikle særlege tiltak for tilsette med forsking som del av stillinga, men er ikkje avgrensa til desse stillingsgruppene.

Planperioden for forskingsplanen er satt til 2025 og ut 2029. Parallelt med planperioden er utviklinga av Forskningsnettverk for musea i Vestland, der Musea i Sogn og Fjordane har ei sentral rolle. Forskningsnettverket er ei vidareføring av resultata og infrastrukturen bygd opp under utviklingsprosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland». Prosjektet hadde som målsetting å etablere eit varig forskingsmiljø på tvers av musea i regionen, som eit grunnlag for å auke forskingsaktivitet, styrke forskningssamarbeid mellom musea og med UH-sektoren, og leggje til rette for auka forskingskompetanse gjennom individuelle og institusjonelle tiltak. Konkret har infrastrukturprosjektet etablert faste møteplassar for forskarar ved dei deltakande musea,



igangsett tiltak for å betre gjennomføring av individuelle skriveprosjekt og lagt grunnlag for utvikling av felles forskingsprosjekt. Trass i MiSF si sentrale rolle i prosjektet, var deltaking i prosjektaktivitetane noko lågare enn forventet, m.a. grunna utskifting av personale og ulike permisjonar. Føremålet med denne forskingsplanen er difor å styrke forskarkompetanse i MiSF internt og å aktivt ta del i dei ulike tiltaka og arrangementa Forskingsnettverk for musea i Vestland legg opp til i planperioden. Dette er mellom anna skrivesamlingar og forskingsseminar der tilsette ved dei ulike musea får høve til å delta og leggje fram sine prosjekt for fagfellar, samt aktiv deltaking i felles forskingsprosjekt initiert av forskingsnettverket.

Forskingsplan for MiSF 2025-2029 inneheld:

- Mål for forskning og kompetanseutvikling
- Tema for forskning/forskningsområde
- Infrastruktur for forskning ved MiSF

Ved utgangen av planperioden vert det lagt opp til å ha ei evaluering av forskingsplanen for å vurdere kva slags mål og tiltak som fungerer og kan vidareførast og kva slags mål og tiltak det er behov for å revidere.

1.2 Vurdering av føregåande plan og utgangspunkt for revisjonen

Forskingsplanen for føregåande periode var den første forskingsplanen for MiSF og vart utarbeida av konservatorane Therese Nasset (kulturhistorie, gruppeleiar), Martine Due Sivertsen (kunst), Kristine Ness (kulturhistorie) og Thomas Walle (avdelingsdirektør FoB). Dei tre tematiske satsingsområda i planen var dels formulerte ut i frå profilen til musea i organisasjonen, dels etter fagområde, forskningsinteresse og -kompetanse i organisasjonen og dels etter eldre planverk innanfor andre kjerneområde i organisasjonen. Satsingsområda formulerte i forskingsplanen har vore sentrale i forskingsarbeidet i planperioden og har også lagt føringar for faglege satsingsområde innanfor andre kjerneoppgåver. Vi i MiSF som har forskning som kjerneoppgåve og brukar planen i det daglege ynskjer ein kortfatta og brukarvenleg plan, lik den føregåande. Det er likevel behov for justeringar innan mål og tiltak for auka forskarkompetanse og forskningsaktivitet. Dei tematiske satsingsområda står seg, med små justeringar. Revisjonen av planen er utført av Therese Nasset, førstekonservator NMF med suppleringar og kommentarar frå Thomas Walle førstekonservator NMF og avdelingsdirektør for avdelinga forskning og bevaring.

Utkast til forskingsplan er drøfta på avdelingsmøte i avdeling for forskning og bevaring, og vidare sendt på høyring til alle tilsette i organisasjonen.

2. Status og utgangspunkt for forskning ved MiSF 2025

MiSF hadde i 2018 12 tilsette med forskarkompetanse, etter KUD sine kriterium «Tilsette med doktorgrad» (2 tilsette), «Tilsette med autorisasjon som konservator NMF (Norges museumsforbund)» (8 tilsette) og «Tilsette med autorisasjon som førstekonservator NMF (Norges museumsforbund)» (3 tilsette). Dette inkluderte fleire av avdelingsdirektørane/-leiarane (5 av 7), som grunna administrative oppgåver hadde avgrensa tid til forskning. Talet på tilsette med forskarkompetanse dannar grunnlaget for Kulturdirektoratet si vurdering om tal på publikasjonar står i samsvar med forventningane.

I 2021 hadde MiSF 6 tilsette med forskarkompetanse, etter KUD sine kriterium «Tilsette med doktorgrad» (1 tilsett), «Tilsette med autorisasjon som konservator NMF (Norges



museumsforbund)» (4 tilsette) og «Tilsette med autorisasjon som førstekonservator NMF (Norges museumsforbund)» (2 tilsette).

I inngangen til 2025 har MiSF 8 tilsette med forskarkompetanse, etter KUD sine kriterium «Tilsette med doktorgrad» (4 tilsette, 3 tilsette med autorisasjon som førstekonservator NMF), «Tilsette med autorisasjon som konservator NMF (Norges museumsforbund)» (4 tilsette).

Talet på tilsette med forskarkompetanse er framleis lågt samanlikna med status for 2018, men det har vore ei auke i tilsette med doktorgrad sidan 2021 med to tilsette. Mellom 2018 og 2021 var det eit generasjonsskifte i organisasjonen med fleire nye tilsettingar i konservatorstillingar der det går føre seg ein prosess med å oppnå autorisasjon NMF. Det er eit mål for komande planperiode at konservatorane skal kunne søke autorisasjon innan periodeslutt. Det vil framleis vera eit mål å stimulere til lågterskel forskingsaktivitet og auke publiseringssraten internt ved MiSF, og eit tredje mål er å leggje til rette for eksternt forskningssamarbeid.

2.1 Forskinga i MiSF

I ei kartlegging av forskingsressursar og rammevilkår for forskning i musea i Vestland frå 2023¹, vert MiSF framheva som museet med høgast publisering i perioden 2017-2021, trass i bratt nedgang i slutten av perioden. Bakgrunnstala syner samtidig at forskingspubliseringa var personavhengig og ikkje ledd i ei breiare satsing på forskning i organisasjonen. Med ny organisasjonsmodell frå 2021 er forskning prioritert høgare som felles satsingsområde i MiSF, og forskingskompetanse er representert på leiarnivå. Dette siste er i kartlegginga framheva som vesentleg for å sikre jamn og høg forskingspublisering, og er eit fellestrekk ved dei fire musea med høgast produksjonsnivå. Til skilnad frå dei andre musea i undersøkinga som har forskingsplan, definerte ikkje MiSF kva som vert forstått med forskning i førre forskingsplan. Dette valet var medvete: Vi ser det ikkje som føremålstenleg å definere forskning i musea som noko særskild opp mot andre forståingar av forskingsomgrepet, og ei lengre utgreiing av forskning som vitskapleg praksis bryt med målsettinga om å ha ei kortfatta forskingsplan som kan nyttast som arbeidsverktøy i kvardagen.

Forskningsplanen skal vera til nytte for all fagleg verksemd i organisasjonen. Vi skil likevel mellom forskning og anna fagleg verksemd. For at eit arbeid skal reknast som forskning skal det resultere i eit arbeid som er fagfellevurdert og publisert gjennom ein vitskapleg kanal (sjølv om forskingsresultata også kan formidlast gjennom andre kanalar). Det er ein premiss for MiSF at forskninga i organisasjonen er fri, i tydinga at kva ein forskar på, korleis forskninga vert utført og korleis resultata vert formidla ikkje skal vere styrt av andre behov i organisasjonen. Ei erfaring frå førre planperiode er at målet om at forskingsresultat skal ha direkte overførbar nytte for andre delar av verksemda², potensielt står i konflikt med målet om å styrke kunnskapsproduksjonen og opparbeide kompetanse og forskingsresultat som gjer oss attraktive samarbeidspartnarar for andre forskingsinstitusjonar. Ei for instrumentell tilnærming til forskninga i MiSF utfordrar premissen om akademisk fridom. I staden for at forskninga vert styrt av målsetjingar for andre kjerneoppgåver som samlingsforvaltning og formidling, så legg vi i forskningsplanen til grunn at mål for samlingsforvaltning vert formulert med utgangspunkt i forskingsbehov. Vi meiner at dette vil ha stor overførbar nytte også til andre interne målsettingar og oppgåver, som å gje kunnskapsbasert formidling til fleire.

¹ https://misf.no/assets/misf/publikasjonar/forskningsressursar-og-rammevilkar-for-forskning-i-musea-i-vestland_rapport.pdf

² Forskningsplan for Musea i Sogn og Fjordane Perioden 2022-2024, s. 4.



Dei vitenskapleg tilsette i MiSF (konservatorar og seniorrådgjevar i FoB) har plikt og rett til å forske, og forskinga utgjer om lag 20% av arbeidstida, rekna over ein periode på eitt år.

3. Tre hovudmål og tiltak for planperioden:

I det følgjande vil reviderte målsettingar og tiltak bli presentert. Innleiingsvis for kvart mål vil ei vurdering av måloppnåing for førre planperiode kort bli drøfta, og nyformulerte mål og tiltak tek omsyn til erfaringane vi har gjort oss.

3.1 Auke den formelle forskarkompetansen ved MiSF

3.1.1 Evaluering av måloppnåing

Nokre av måla for å auke forskarkompetanse var for ambisiøse til å bli nådd innanfor planperioden. For konservatorar som i liten grad har drive med forskning tidlegare er det tidkrevjande å opparbeide seg nok forskningserfaring til å klare å få autorisasjon i tråd med krava frå Norges Museumsforbund. Det har i tillegg vore utskifting i forskarstaben i perioden. Vi fornyar målet og vil i auka grad legge til rette for at konservatorane vert kvalifiserte til å søke autorisasjon i komande planperiode.

Pilotprosjektet med forskningstid har vore eit viktig tiltak. Forskingstid skal brukast på konkrete forskingsprosjekt (eigne eller saman med andre) og dei vitenskapleg tilsette legg ein plan saman med leiar om tidsbruk, og leiaren føl opp progresjon og gjennomføring av forskingsarbeid på lik linje med prosjekt innan andre kjerneoppgåver.

3.1.2 Mål og tiltak i planperioden:

- 1) Alle konservatorar skal innan avslutta planperiode ha opparbeida seg erfaring og nok publikasjonar til å kunne søke autorisasjon NMF
 - a) Konservatorane skal i samråd med avdelingsdirektør lage individuelle planar for å få autorisasjon NMF
 - b) Konservatorane følgjer mål og tiltak formulert under 3.2
- 2) Det skal leggjast til rette for at konservatorar og andre tilsette med forskning som del av stillingsinstruks kan ta fag for å auka forskarkompetansen
- 3) Leggje til rette for mogelegheit for å ta doktorgrad, permisjon og delfinansiering

3.2 Stimulere til auka forskingsaktivitet, innanfor og på tvers av arenaer og avdelingar

3.2.1 Evaluering av måloppnåing

Målet med forskingsklynger som vart formulert for førre planperiode let seg ikkje innføre, av di det er for få tilsette som held på med forskning. I staden har vi arrangert felles interne forskarseminar to gongar i året som har fungert godt og desse held vi fram med å arrangere.

Den føreslegne ordninga med 10%-midlar for tilsette som ikkje er i vitenskapleg stilling, har vore organisatorisk krevjande å innføre. Tilsette i ikkje-vitenskaplege stillingar har høve til individuell avtale i samråd med eigen leiar.

Erfaringa syner at to vitenskaplege publikasjonar per tilsett med forskarkompetanse er for ambisiøst. Eit nytt mål for publisering er formulert for komande planperiode.



3.2.2 Mål og tiltak

- 1) Det skal arrangerast minimum to interne forskarseminar årleg der tilsette presenterer pågåande forskingsprosjekt eller projektskisser som dei andre deltakarane les gjennom og kommenterer under seminaret
- 2) Kvar vitskapleg tilsett skal ha eit forskarprosjekt som skal resultere i ein vitskapleg publikasjon, enten i form av projektskisse med planlagt avsett tid til gjennomføring, eller eit pågåande prosjekt. Eit eiga forskingsprosjekt bør ikkje ta lenger tid enn to år før det sendast til eit tidsskrift eller anna redaksjonell vurdering.
 - a) Interne forskarseminar vil vera ein arena for å presentere nye prosjekt og få oppfølging undervegs
 - b) I planperioden bør det etablerast ei ordning (enten internt eller på tvers av fleire museum gjennom Forskingsnettverk for musea i Vestland) for rettleiing av prosjektet som i tillegg til rettleiing skal sørge for progresjon, kvalitetssikring undervegs i prosjektet og gjennomføring. Dette vil vera ein særleg viktig ressurs for konservatorar som arbeider mot autorisasjon.
- 3) Det skal i planperioden utviklast ein strategi for å styrke samspelet mellom formidling og forskning
 - a) Forskingsprosjekt med konkrete mål for formidling gjennom utstilling og undervisningsopplegg, vert utvikla i samarbeid mellom avdelingane.
 - b) Auke den museumspedagogisk forskingskompetansen i relevante stillingar
 - c) Mål for forskning, inklusive forskningsspørsmål og metodiske refleksjonar, vert utvikla i forkant av aktuelle formidlingsopplegg
- 4) Forskingskompetansen til dei tilsette må synleggjerast på MiSF sine nettstadar, og forskingsaktivitetar inkluderast i MiSF sin strategi for sosiale media og kommunikasjon med omverda. Dei vitskapleg tilsette har ansvar for å dele resultata med dei som har ansvar for kommunikasjon i MiSF.

3.3 MiSF skal til ein kvar tid ha tilsette som deltek i eksterne forskningssamarbeid/-prosjekt

3.3.1 Evaluering av måloppnåing

Måla for førre planperiode vert vidareført. Det vart ikkje etablert rutinar for å godkjenne og evaluere FoU-prosjekt i regi av MiSF, dette er eit viktig tiltak som bør gjennomførast i komande planperiode.

3.3.2 Mål og tiltak

- 1) Ein føresetnad for dette målet er å innfri dei to føregåande måla slik at MiSF vert ein attraktiv samarbeidspartnar
- 2) Bidra aktivt inn i Forskingsnettverk for musea i Vestland
- 3) Kvar konservator skal halde fagleg innlegg på minst ein relevant konferanse/seminar kvart år
- 4) Avdeling FoB skal til ei kvar tid vere aktive i eit formalisert FoU-samarbeid med eksterne partar
- 5) Etablere rutinar for å godkjenne og evaluere FoU-prosjekt i regi av MiSF

4. Tematiske satsingsområde og utarbeiding av ein felles forskningstradisjon ved MiSF



4.1 Tematiske satsingsområde

I samband med utforming av museumspolitiske mål for å sikre solid kunnskapsproduksjon, tek Kultur- og likestillingsdepartementet i museumsmeldinga til orde for at musea skal ta ei enno tydelegare rolle som kunnskapsinstitusjonar knytt til forskning, immateriell kulturarv, kulturelt samspel og kritiske perspektiv (s. 45, Meld. St. 23 (2020-21)). For å møte ei slik forventning er det i forskingsplanen formulert tre faglege satsingsområde for planperioden som skal fremje forskingsaktivitet ved MiSF. Det er vidare eit ynskje om å leggje til rette for å styrke det forskingsrelaterte samarbeid på tvers av avdelingane og arenaer. I arbeidet med førre forskingsplan vart det difor sendt ut ein førespurnad til konservatorar, museumsleiarar og avdelingsdirektørar for å kartleggje individuelle forskingsinteresser og forskingsinteresser på dei ulike arenaene. Kartlegginga synte at det er eit stort potensiale for forskningssamarbeid ved MiSF på tvers av avdelingar, arenaer og fagområde. Dei tre tematiske satsingsområda – og bakgrunnen for val av desse – baserer seg på dei innmeldte temaa og på satsingsområde trekt fram i museumsmeldinga.

MiSF har mangfald og representasjon som eit overordna satsingsområde som bør inngå i all vår forskning. I tillegg er det formulert to tematiske satsingsområde. Desse satsingsområda er ei vidareføring frå førre planperiode.

4.1.1 Mangfald og representasjon

Mangfald er eit omgrep med ulike tydingar og i forskingsplanen legg vi oss tett opp til tydinga i dei kulturpolitiske meldingane og tilskotsbrevane frå Kulturdepartementet. Mangfald peiker her særleg på arbeid med å inkludere samfunnsgrupper som er underrepresenterte, og vidare å sikre deltaking i og tilhøyrse til kunst- og kulturlivet for alle ubunde av til dømes kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne og/eller kulturell, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad. Mangfald kan slik sjåast som ein invitasjon til kritiske undersøkingar av kva som skapar og opprettheld makttilhøve i samfunnet. I dette ligg også ei oppmoding om eit kritisk perspektiv på museet som kulturarvsforvaltar og -formidlar og ei medvit om dei mogelege «blindsonene» som musea bidreg til å reprodusere og vidareformidle. Mangfaldsperspektivet er ikkje berre eit eige tematisk satsingsområde, men noko som inngår i all forskning ved museet. I 2024 melde MiSF seg inn i organisasjonen Balansekunst, som jobbar for eit likestilt og mangfaldig kulturliv.³

Vi satsar særleg på sosial ulikskap, kjønn og kulturmøte. Sosial ulikskap omfattar mellom anna tradisjonelle og moderne maktstrukturar og historisk definisjonsmakt, marginalisering og utanforskap, fattigdom og sosial mobilitet, og ulike forståingar av «den andre» - tema som kjem til uttrykk både historisk og i samtida. Temaet kjønn peikar både på korleis førestillingar om kjønn påverkar handlingsrommet til den einskilde, korleis eitt kjønn blir «norma» som andre vert målt opp mot eller kjem i skuggen av, og korleis seksualitet og kjønnsidentitet har vore og stadig er i endring. Med temaet kulturmøte ønskjer vi særleg å løfte fram korleis slike møte, mellom by og land, minoritet og majoritet, på tvers av landegrensene osb. har påverknad på materiell og immateriell kultur.

4.1.2 Kyst- og fjordkultur

Kystkultur vert vidareført frå førre planperiode men inkluderer no også fjordkultur. Innanfor tematikken er det særleg dei utåtvente aspekta ved kyst- og fjordkultur som er i fokus og korleis dette kjem til uttrykk i, til dømes, kunst og materiell kultur. Vi utforskar den kulturelle, økonomiske

³ <https://www.balansekunst.no/>



og sosiale betydinga av korleis kysten og fjordane som kommunikasjonsårer har bunde folka som bur i gamle Sogn og Fjordane saman med resten av verda. Dette gjer vi gjennom, til dømes, forskning på vestnorsk jektefart i kyst- og fjordstrøka, kontakt- og handelsnettverk frå mellomalder og inn i moderne tid, turisme og kommunikasjon (ulike formar for transport og transportmidlar) og vi studerer korleis dette kjem til syne i levestett og kulturelle uttrykk ved fjord og kyst.

Kystkultur vart også trekt fram som satsingsområde i museumsmeldinga (s. 14, Meld. St. 23 (2020-21)). Satsingsområdet har vidare høg relevans for forvaltings- og formidlingsarbeidet ved MiSF som igjen vil vera viktige arenaer for forskingsformidling.

Kystmuseet i Sogn og Fjordane har ei stor samling som relaterer seg til kystkultur generelt, og det tematiske satsingsområdet for MiSF spesielt. Tematikken er også særleg relevant for Vågsberget handels- og gjestgivarstad, Kvernsteinsparken, Reiselivsmuseet og Fjordmuseet (Sogn Folkemuseum). I 2025 opna det nye verne- og formidlingsbygget til Holvikejekta ved Nordfjord Folkemuseum, som eit viktig bidrag til forteljinga om den vestnorske jektefarten. Vidare er landhandel eit tematisk satsingsområde ved Sunnfjord museum. I vår region har landhandlar i all hovudsak opphav på naturlege hamneområde langs kyst og fjord og fungerte som knutepunkt mellom by og bygd.

Den nordiske klinkbåttradisjonen vart sett på UNESCO si verdsarvliste over immateriell kulturarv i desember 2021.⁴ Museet har ei omfattande samling tradisjonsbåtar bygd i klinkbåttradisjonen, inkludert Holvikejekta, og har eit regionalt ansvar for å ta vare på og forvalte kunnskap om båttypene Nordfjordbåt, Sunnfjordbåt og Sognebåt.⁵ Under revisjonsarbeidet for forskingsplanen går det føre seg eit prioriteringsprosjekt for båtsamlinga i MiSF som gir oss ny og oppdatert kunnskap om denne samlinga. Det omfattande kartleggings- og prioriteringsprosjektet har potensiale til å danne eit empirisk grunnlag for å løfte fram båtsamlinga til MiSF i samband med forskingsaktivitet, med vekt på ulike lokale klinkbåttradisjonar. MiSF har tilsette som er aktive medlemmar av det nasjonale museumsnettverket Fiskerihistorie og kystkultur.

4.1.3 Menneske og naturen

'Menneske og naturen' relaterer seg til kulturlandskap, immateriell kulturarv, kunst og tradisjonar, berekraft og klima, og ulikt ressursuttak. Temaet skal særleg reflektere det gjensidige tilhøvet mellom menneske og natur, og påverknaden natur og kultur har på kvarandre. Det gjeld både praksisar, bygningsarven, materiell kultur, tradisjonar og kunstnarlege uttrykk.

Gjennom Forskingsnettverk for musea i Vestland har MiSF vore med å utvikle forskingsprosjektet *The Nature of Museums. On the Interweaving of Nature and Culture in Museums (NAMUS)* i samarbeid med Universitetet i Bergen. Prosjektet har fått støtte frå Norges Forskningsråd, og skal i perioden 2026-2029 utforske og kritisk diskutere dualiteten mellom kultur og natur som finst på museum, særleg i lys av klima- og naturkrise. I tillegg til aktiv deltaking i forskingsprosjektet, vert det arrangert seminar og konferansar som vert opne for fleire tilsette i MiSF, samt at det er planar for ei vandrarutstilling for å formidle forskingsresultata.

Kulturdepartementet ynskjer å styrke arbeid knytt til handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv (s. 2-3, Meld. St. 23 (2020-21)). MiSF arbeider med immateriell kulturarv og

⁴ <https://www.kulturradet.no/web/guest/museum-kulturarv/vis-artikkel/-/nordisk-battradisjon-innskriven-pa-eksklusiv-liste-over-verdas-kulturarv>

⁵ «Kartlegging og utvikling av båtsamlingane ved dei konsoliderte musea i Vestland», 2023



handlingsboren kunnskap særleg innanfor tradisjonell jordbruksdrift (frå kring 1850), bygningsvern, tradisjonar knytt til båtar og havbruk, og produksjon av kvernstein. Norsk seterkultur vart i 2024 sett på UNESCO si liste over immateriell kulturarv, og seterkulturen er i planperioden eit satsingsområde på Sunnfjord museum. Immateriell kulturarv er også eit viktig satsingsområde innan formidlinga i MiSF. I tillegg arbeider MiSF aktivt med å ta vare på segn, forteljingar og munnlege tradisjonar som mellom anna har koplingar til naturen.

MiSF er ansvarsmuseum og koordinator for det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap. I førre planperiode vart det utført eit revisjonsprosjekt for kulturlandskap og hageanlegg som samling i MiSF som utforskar korleis vi betre kan inkorporere kulturlandskap og hageanlegg i museal praksis og kva betyding samlingsstatusen har for denne type anlegg. MiSF skjøttar ulike typar kulturlandskap og hageanlegg, praksisar knytt til skjøtsel av desse, reiskapssamlingar og ulike bygg som er direkte relatert til ulike kulturlandskap frå kyst og fjord til fjell. I 2024 gjenopna Astruptunet, som saman med kunstsamlinga av Nikolai Astrup syner korleis natur, kunst og kultur heng saman, og er viktig kjelde for forskning og formidling i MiSF.

Som museum har MiSF potensiale til å auke kunnskapen og presentere nye perspektiv om sambandet mellom menneske og naturen, både i det førindustrielle jordbrukssamfunnet og korleis industrialiseringa påverka fiskeria i kyststrøka. Temaet relaterer seg såleis dels til FN sine berekraftsmål som mellom anna siktar seg inn på å verne, rette opp att, og å fremje berekraftig bruk av ulike økosystem, både på land og i hav.⁶

4.2 Ein felles forskingstradisjon ved MiSF

Vi kjem til å halde fram med å utvikle ein felles forskingstradisjon og teoretiske perspektiv forkinga ved MiSF skal rette seg etter. Målet er å byggje vidare på forskingsmiljøet vårt som dannar ei ramme kring forskingsspørsmål, faglege interesser og teoretiske posisjonar. Dette forskingsmiljøet utgjer ikkje berre eit kollegialt fellesskap, men har også vitskapsteoretiske konsekvensar. Dette skal syte for at MiSF også får ein tydeleg forskingsprofil. Til dømes vil ei satsing på mangfald og representasjon gjere det naudsynt å avklare kva for teoretiske perspektiv som ligg til grunn.

Mykje av forkinga ved musea tek utgangspunkt i materiell kultur i ein eller annan forstand, og det er eit mål å auke medvitet om dei metodiske perspektiva vil legg til grunn og korleis dette påverkar våre analysar. Eit døme kan vere å tydeleggjere eit «nedanfrå-perspektiv» der kvardagsliva til vanlege menneske kjem til syne gjennom deira materielle kultur og materielle kulturelle uttrykk.

5. Infrastruktur for forkinga ved MiSF

I tillegg til interne forskarseminar er det viktig med aktiv deltaking i Forskingsnettverk for musea i Vestland. I dette forskingsnettverket vert det arrangert ulike forskingsseminar og skrivesamlingar som tilsette ved MiSF kan søke deltaking på.

5.1 Forskingsformidling

I løpet av planperioden vil det bli aktuelt med forskingsformidling. Musea er privilegerte og har dei fysiske museale kanalane, som utstillingar, undervisningsopplegg og andre

⁶ <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>



formidlingsarrangement som arenaer for forskingsformidling. Dette vil vera den viktigaste arenaen MiSF tek i bruk til forskingsformidling, i tillegg til vanlege publikasjonskanalar. I tillegg vil det bli lagt opp til forskingsformidling på interne møter og seminar.

Det vil også bli lagt opp til forskingsformidling over nett, både gjennom sosiale medium og gjennom nettsidene til MiSF. Her er det ynskjeleg at forskingsresultat, publikasjonar og ulike 'case' frå forskinga ved MiSF vert presentert.

5.2 Forskingsetiske retningslinjer for MiSF

Forskingsarbeidet i MiSF, og bruken av dei resultata som følgjer slikt arbeid, skal rette seg etter dei museumsetiske retningslinjene til ICOM (International Council of Museums, <http://norskicom.no/det-etiske-regleverk/>), den norske konkretiseringa av ICOMs regelverk («Åpent, inkluderende, transparent og profesjonelt. Etiske retningslinjer for museer i Norge» (2022)) og NESH (Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora, <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>).

5.2.1 Forskingsetiske retningslinjer

Desse interne etiske retningslinjene tek sikte på å gje eit oversyn over problemstillingar og utfordringar knytt til forskningsetikk. Oversynet gjev generelle føringar med føremål om at det kontinuerleg vert utført etiske vurderingar, aukar medvit kring etiske problemstillingar, og hindrar mogeleg uetisk åtferd ved forskingsaktivitet i museet.

Omgrepet forskningsetikk syner til eit breitt sett av lovverk, standardar, verdiar og institusjonelle ordningar som bidreg til å konstituere og regulere forskingsverksemd på individ- og institusjonsnivå. Desse inkluderer ærlegdom i forskning så vel som ansvar ovanfor kollegaer, andre menneske, dyr, miljøet og samfunnet elles.

Alle tilsette som produserer eller brukar forskingsresultat, bør vera kjend med dette dokumentet og er venta å handle deretter. Ifølgje Lov om organisering av forskningsetisk arbeid⁷ skal arbeidsgivar sørge for at alle forskarar, leiarar og andre tilsette som er involvert i vitsskapeleg arbeid har naudsynt kunnskap om etisk åtferd i forskning.

Forskingsaktivitet i MiSF skal gjerast i tråd med følgjande etiske retningslinjer:

- Forsking i MiSF skal vere fagleg fri og ansvarleg, samstundes som den er uavhengig og utforskande, og innanfor rammene av samfunnsoppdraget til musea
- Forskinga i MiSF skal vere sannferdig på alle nivå og i alle relasjonar. Forfalsking, plagiering eller anna manipulasjon av eins eiga eller andre si forskning skal ikkje tolererast
- Openheit kring forskingsarbeidet i MiSF – både internt og eksternt – skal sikre sterke vitsskapelege resonnement og kvalitet i alle fasar av forskninga
- Alle tilsette i MiSF skal respektere eigarskap til og anerkjenning av andre sine publiserte og ikkje-publiserte vitsskapelege idear, prosjektforslag og resultat brukt i eller som grunnlag for sitt eiga arbeid i museet
 - Idear, førebelse resultat og anna ikkje-publisert forskingsarbeid som vert presentert av forskaren i interne eller eksterne fora skal ikkje nyttast i

⁷ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-04-28-23>



formidlingssamband eller andre samanhengar før forskaren har publisert resultata eller godkjend bruk av eins arbeid

- Alle tilsette i MiSF skal sørge for riktig bruk og sitering av vitenskapelige resultat, forskingsdata, metodar og idear, som har blitt produsert eller uttrykt både internt og eksternt.
- Alle tilsette i MiSF skal følge gjeldande forskrifter og normer for (med)forfatterskap og institusjonell(e) tilknytning(ar) på alle vitenskapelige publikasjonar, rapportar og prosjektforslag
- Ved forskingsaktivitet i MiSF skal det leggjast vinn på å gjere informasjon og data ope tilgjengeleg for fagfellar som ynskjer å vurdere våre vitenskapelige metodar og resultat
- Forskingsresultat i MiSF skal vera av høg kvalitet, korrekt, faktabasert og skal føre til ei transparent formidling av vitenskapsbasert kunnskap til media, avgjerdstakarar, fagfellar, skuler og ålmenta



**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

Følg oss på:



[museaisognogfjordane/](https://www.facebook.com/museaisognogfjordane/)



[museaisognogfjordane/](https://www.instagram.com/museaisognogfjordane/)